



BACHELOROPPGÅVE

Korleis kan ventetida påverke asylsøkjarar i asylmottak?

Av

Kandidatnummer 81

Katrine Indrebø Apelseth

How can the waiting affect asylum-seekers in the reception centers?

Sosialt Arbeid

BSV5-300

Mai 2016



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva *Korleis kan ventetida påverke asylsøkjarar i asylmottak* i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar.

Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Kandidat 81, Katrine Indrebø Apelseth

JA X

NEI _____

Innhold

1.0 Innleiing	3
1.1 Tema	3
1.2 Problemstilling.....	3
1.3 Fagleg relevans.....	4
1.4 Sentrale omgrep og avgrensing	4
2.0 Metode.....	5
2.1 Val av metode	5
2.2 Framgangsmåte	6
2.3 Kjeldekritikk	6
3.0 Å leve i asylmottak.....	7
3.1 Asylprosessen.....	7
3.2 Kvardagen i asylmottak	8
3.3 Ventetid.....	12
4.0 Teori	13
4.1 Sence of coherence.....	13
5.0 Drøfting	15
5.1 Passivitet	15
5.2 Informasjon	16
5.3 Ventetid	18
5.4 Alle faktorane samla	19
6.0 Avslutning.....	20
Litteraturliste	21

1.0 Innleiing

I løpet av 2015 vart det levert inn 31 145 søknader om beskyttelse i Noreg (UDI, 2016a).

Dette var ei kraftig auke frå dei siste åra (UDI, 2016a). I verda er det nokon land der situasjonen over tid har vore så utfordrande og utrygg at menneske vel å legge på flukt. Det er nedfelt i FNs verdserklæring om menneskerettar av 10.12.1948 artikkel 14 at alle menneske har rett til å söke asyl. Det er likevel opp til kvart enkelt land å utforme eit system som tar i mot dei menneska som kjem for å söke om asyl. Kva system ein vel å ha, får påverknad på korleis vi tar i mot menneske som har flykta frå sitt heimland.

1.1 Tema

Eg har lenge hatt eit engasjement for asylsökjarar, og har erfaring med dette gjennom frivillig arbeid. Når eg våren 2015 var i praksis ved eit asylmottak, fekk engasjementet mitt eit meir teoretisk grunnlag. I ettertid har eg fått arbeidserfaring frå andre asylmottak, noko som har gitt meg endå fleire tankar og erfaringar knytt til temaet. Når tema for denne oppgåva då skulle veljast, var det naturleg for meg at eg enda på asylsökjarar.

Samtidig vart valet endå lettare når temaet har vore så mykje på dagsorden både i media og politikken den siste tida. Som følgje av auka i tal asylsøknader som eg nemner over har det vore store og mange diskusjonar både i det daglege, i Stortinget og i media. Tema kjentes av den grunn relevant og som eit riktig tema for meg.

1.2 Problemstilling

Når tema var valt, var det på tide å tenkje på problemstilling. Det er mange ulike aspekt ved dette temaet som kunne vore interessante å diskutere. Samtidig ynskja eg at problemstillinga skulle omhandle noko som engasjerte meg og som har vore med å auke mi interesse for feltet. Etter å ha vore i praksis ved asylmottak satt eg igjen med nokon tankar og kjensler om kva som opprørte meg. Noko av det eg reagerte mest på var å sjå korleis ressurssterke og ivrige menneske eg møtte, i løpet av månadane vart passivisert og nedbrutt. Dette var noko eg reagerte på, og som eg diskuterte gjentatte gongar med rettleiaren min.

Etter å ha valt tema for oppgåva byrja eg å leite etter litteratur knytt til dette. Med bakgrunn i mine erfaringar frå praksis og arbeid, valte eg sökjeord deretter. Den litteraturen eg fann då

peika alle på dei observasjonane eg hadde gjort sjølv. Samtidig peika dei på ein faktor eg ikkje hadde vurdert, nemleg ventetid og kva den har å seie for asylsøkjarane. Når eg oppdaga dette landa eg på problemstillinga *korleis kan ventetida påverke asylsøkjarar i asylmottak?* Dette er eit spørsmål eg lurer på, og som eg har nokon tankar om frå før av. Eg ynskjer å finne ut korleis systemet vårt tar i mot menneske og korleis det systemet vi har påverkar dei som kjem. Samtidig er eg nysgjerrig på kva som kan betre situasjonen for dei menneska som kjem hit.

1.3 Fagleg relevans

Asylfeltet er eit samansett felt, og eit felt med tilsette frå ulike yrker. Feltet er ikkje det ein først forbinder med sosialt arbeid, men det er likevel eit felt ein som sosialarbeidar kan arbeide innanfor. Det er også slik at ein vil møte asylsøkjarar og flyktningar i fleire av felta ein arbeider i som sosialarbeidar. Kunnskap om mottaksopphaldet og korleis ventetida påverkar menneske er relevant for korleis vi som sosialarbeidarar skal møte asylsøkjarane og flyktningane. Derfor meiner eg at mitt tema og mi problemstilling er relevant for faget sosialt arbeid.

1.4 Sentrale omgrep og avgrensing

Eit omgrep eg kjem til å bruke i oppgåva mi er asylsøkjarar. Ein asylsøkjar er ein person som har søkt asyl i Noreg (UDI, 2016e). Etter at Utlendingsdirektoratet (UDI) eller Utlendingsnemnda (UNE) har behandla søknaden, er ein ikkje lenger asylsøkjar (UDI, 2016e). Då går ein over til å bli til dømes flyktning, alt etter kva svaret på søknaden blir (UDI, 2016e). Asylsøkjarar er eit svært heterogen gruppe, som består av menneske i alle aldra, i forskjellige livssituasjonar, med forskjellig religion og ulik historie (Andrews, Anvik & Solstad, 2014, s.19). Dette er viktig å ha med seg inn i oppgåva, då det er snakk om forskjellige menneske, som har opplevd mykje forskjellig, og dermed tåler påkjenning på ulike måtar.

Eit anna omgrep som blir brukt i denne oppgåva er asylmottak. Asylmottak er eit frivillig innkvarteringstilbod for menneske som søker asyl (NOU 2011: 10, s.47). Ved å bu i asylmottak får ein økonomisk stønad som skal vere støtte til livsopphold (NOU 2011:10, s.98). Bebuarane i mottak har også plikt til å delta i eit obligatorisk informasjonsprogram

(NOU 2011:10, s. 267). Asylmottak skal vere eit forsvarleg, men nøkternt, tilbod til asylsøkjurar (NOU 2011:10, s.197). Det viktigaste er at det dekker dei grunnleggande behova og gir tryggleik (NOU 2011:10, s.197). Det er fleire typar asylmottak, alt etter kor ein er i prosessen og kven søkeren er (UDI, 2016f). Denne oppgåva vil i hovudsak konsentrere seg om ordinære asylmottak, då det er her asylsøkjurarane bur når dei venter på svar på saka (UDI, 2016f). Denne avgrensinga kjem naturleg, sidan det er ventetid og påverknaden den har på menneske som er det sentrale i oppgåva. For å finne ut om det, må ein skrive ut frå der menneske er når det venter på svaret.

Som asylsøkjar er det fleire økter med venting ein må gjennom før ein får det endelige svaret. Eg vel i oppgåva å fokusere på to delar av prosessen, som er asylintervju og svar på søknaden om asyl. Grunnen til at eg vel å fokusere på desse to er at dette er noko som er felles for dei fleste. Alle skal igjennom eit asylintervju og alle venter på svar på søknaden. Det er fleire andre prosessar det er ventetid på, som til dømes busetjing, anke og foreining med familie. Desse prosessane avhenger av andre faktorar, og er dermed ikkje noko alle skal i gjennom. Av den grunn har eg valt å ikkje vektlegge dette i oppgåva mi. Eg vil likevel nemne det, slik at det kjem fram at det er fleire prosessar med ventetid, og at ventetida ikkje treng å vere over etter dei to første prosessane. I tillegg er det viktig å legge til at kva kvar enkelt ser på som ventetid er individuelt. Nokon kan oppleve at ventetida byrjar allereie frå då tankane om flukt starta, andre at ventetida først starta etter asylintervju. Eg har likevel valt å avgrense ventetida til å gjelde frå søkeren har levert inn sin søknad til endelig svar på søknad om beskyttelse er kommet.

2.0 Metode

I dette kapittelet vil eg gå igjennom og grunngje val av metode for oppgåva. Eg vil gjere greie for korleis eg har funne fram til kjeldene eg har brukt, og sjå på korleis ein skal vere kritisk til kjelder.

2.1 Val av metode

Sjølv om tema og problemstilling hadde vore interessant å undersøkt gjennom til dømes kvalitative intervju av bebuarar og tilsette, blir det for krevjande tidmessig. Det lar seg ikkje gjere grunna omfanget av oppgåva og den tidsramma eg har. Eg har derfor valt å foreta eit litteraturstudie. Når eg har valt litteraturstudie betyr det at oppgåva mi skal ha skriftleg

litteratur som kjelder (Dalland, 2012, s.223). Litteraturstudie skil seg då frå til dømes kvalitative studiar, ved at ein ikkje sjølv innhentar forsking, men at ein finn forsking som andre har utført (Dalland, 2012, s.223). Ved litteraturstudie skal eg byggje oppgåva på allereie eksisterande litteratur, noko som gjer at eg må finne fram til denne litteraturen.

2.2 Framgangsmåte

Når eg så skulle byrje å söke etter litteratur byrja eg med sökemotoren Google. Dette fordi det er ein sökemotor eg kjenner til og som er lett å söke i. Likevel oppdaga eg fort at her kom det fram for mykje og for urelevant litteratur. Tema mitt har som tidlegare nemnt vore oppe i media i det siste, og mange av söka som kom fram gjennom Google var avisartiklar. Av den grunn gjekk eg fort over til meir faglege sökemotorar, som Oria og Academic Search Elite. Fagdatabasar gir meir faglege resultat enn sökemotorar som Google. I andre databasar enn dei faglege kjem det fram alle slags typar resultat, alt frå faglitteratur til avisartiklar til sosiale media. Ved val av faglege databasar kan ein velje kva fagområde ein sökjer innanfor og ein kan velje kva type resultat ein ynskjer å få, noko som er lurt for å avgrense söket (Dalland, 2012, s.71). Her valte eg å starte breit med sökeord som *asylsøker* og *ventetid*. Dette gav resultat, men det var utfordrande å finne relevante og gode kjelder ut frå dei sökeorda. Etter kvart valte eg både å avgrense til fagfellevurdert litteratur og å gå over til å söke på meir spesifikke ord, som *asylsøker + hverdag*, *asylmottak*, *passivitet* og *meningsfult*. Når eg så fant fram til den første relevante artikkelen, vart det lettare å finne anna relevant litteratur både ved hjelp av kjeldelista til dei artiklane eg fann og ved å söke på forfattarane i artiklane.

2.3 Kjeldekritikk

Ved val av litteratur er det viktig å vere kritisk og vurdere både relevans og gyldighet (Dalland, 2012, s.74). For oppgåva mi sin del har det vore viktig å finne litteratur av nyare tid, slik at til dømes informasjon om ventetida blir så oppdatert som mogleg. Samtidig trengst det litteratur som dokumenterer kvar dagen til asylsøkjarane på ein god måte. Når ein skal vurdere om ei kjelde er god, må ein sjå på fleire ting. Ein kan sjå på kven forfattaren er, og kva bakgrunn han eller ho har (Dalland, 2012, s.75). Ein kan også sjå om forskinga er fagfellevurdert, noko som vil seie at ekspertar innanfor fagfeltet har godkjent den (Dalland, 2012, s.78).

Noko av litteraturen eg fann kom frå andre land. Det som må vurderast då er om det er overføringsverdi til det det norske systemet. I nokon tilfelle var det mogleg, i andre tilfelle vart det utfordrande ved til dømes at asylsystemet er for forskjellig. Ein av rapportane eg fann stammar frå Sverige. Her vurderte eg det til at systema i Noreg og Sverige er ganske like, og at det av den grunn er mogleg å nytte forsking frå Sverige. Det er likevel viktig for meg å vere klar over dette når eg går gjennom den forskinga, slik at eg stadig samanliknar det med det norske systemet. Asylfeltet er eit felt som stadig er i endring. Av den grunn er det viktig at litteraturen eg brukar er så oppdatert som mogleg. Nokon av kjeldene eg har brukt, stammar frå rundt 2010. Mykje har endra seg i feltet sidan då, så det har vore viktig å lese desse kritisk slik at eg ikkje nytta utgårte opplysningar.

3.0 Å leve i asylmottak

I dette kapittelet vil eg sjå på ulike faktorar som er knytt til problemstillinga mi. Eg vil sjå på faktorar som ventetid og kvardagen i asylmottak, og gjere greie for asylprosessen. Under desse punkta vil eg gå inn på forklaring av kvar enkelt og trekke fram relevante tilleggsfaktorar.

3.1 Asylprosessen

Å söke asyl i Noreg er ein prosess. Det kan opplevast ulikt når asylprosessen faktisk starter, då nokon vil føle at den byrja allereie ved avreise frå heime sin, medan andre føler prosessen først starter ved ankomst til asylmottak. Likevel er det slik at sjølve asylprosessen, med rettar og pliktar, byrjar når ein legg fram søknad om asyl til myndighetene (UDI, 2016g). Dei fleste gjer dette ved den norske grensa.

Det første ein må igjennom etter å ha søkt om beskyttelse, er registrering hos politiet (UDI, 2016g). Ved registrering må ein oppgje ein del informasjon som politiet trenger (Politiet, 2016). Her blir ein intervjuet, og fokuset er i hovudsak på identitet og reiserute (Politiet, 2016). I tillegg blir det sjekka om ein inngår i Dublin-ordninga, som vil seie at ein allereie er registrert som asylsøkjar i eit anna europeisk land (Politiet, 2016). Det blir også tatt fingeravtrykk og bilde (Politiet, 2016). Etter registrering blir ein plassert i ankomsttransitt, der ein gjennomgår ein helseundersøking før ein reiser vidare til transittmottak (UDI, 2016g). Før

ein reiser vidare får ein også informasjon om rettar og pliktar (DIFI, 2009, s.18). I tillegg skal ein til asylintervju før ein reiser til ordinært mottak (UDI, 2016g). Det er på asylintervju ein skal fortelje om grunnen til at ein har søkt om beskyttelse i Noreg, jf. Utlendingsforskriften av 15.10.2009 §17-2. Det er i hovudsak på bakgrunn av den informasjonen ein gir på asylintervjuet at saka blir vurdert av UDI, jf. Utlendingforskriften §17-2 4.ledd. Grunna lang ventetid på asylintervju vil det no vere naturleg at ein vil oppleve at fleire blir sendt direkte til ordinære mottak før asylintervju er gjennomført. I ordinært mottak skal ein vente på svar på søknaden sin (UDI, 2016f).

Søknaden om asyl kan få to utfall. Det eine alternativet er positivt svar, som vil seie at ein får tillatelse til å bli i Noreg. Ved positivt svar er det i all hovudsak snakk om busetjing i kommune, noko som er Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) som har ansvaret for (IMDI, 2015). Det er kvar enkelt kommune som bestemmer kor mange flyktningar dei vil busette, og IMDI fordeler enkeltpersonar til kommunane ut i frå desse vedtaka (IMDI, 2015).

Det andre alternativet er avslag og dermed utreiseplikt (UDI, 2016h). Ved negativt utfall av saka kan ei velje å söke International Organization for Migration (IOM) om assistert retur (IOM, 2016). Det vil sei at ein får hjelp til å reise tilbake til heimlandet, og at ein kan få ulike typar pengestønadar (DIFI, 2009, s. 14). Dersom ein ynskjer kan ein anke vedtaket til UDI (UDI, 2016h). Opprettheld UDI sitt svar, blir anka sendt over til UNE som skal vurdere anka (UDI, 2016h). Ved negativt utfall i UNE vil ein få oppgitt ein utreisefrist, jf. Utlendingslova av 15.5.2008 § 90 5.ledd. Overheld ein ikkje denne fristen, kan politiet tvangutsende vedkommande, jf. Utlendingslova § 90 6.ledd.

Asylprosessen avsluttast på ein av desse måtane. Ein får opphold og blir busett i ein kommune eller ein får endeleg avslag frå UNE og må forlate Noreg. Likevel er prosessen ikkje heilt over for mange. Nokon vel å likevel bli i Noreg og leve i det skjulte sjølv etter endeleg avslag. Nokon har, etter positivt svar, søkt på familiegjenforening, og er på ein måte då fortsatt inne i ein slik venteprosess. Dette viser at å söke asyl er ein tung og lang prosess, med fleire stopp på vegen.

3.2 Kvardagen i asylmottak

Ein av hovudkjeldene mine er *Mens de venter – hverdagsliv i asylmottak* av Andrews, Anvik og Solstad, som dei skreiv på oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet. Denne

rapporten gir eit bilet av kvardagslivet i asylmottak etter intervju med fleire asylsøkjarar, mottakstilsette og andre relevante personar (Andrews, Anvik & Solstad, 2014, s. 5-6).

Rapporten ynskjer eg å bruke i hovudsak for å gjere greie for kvardagslivet i asylmottak.

Når ein bur i asylmottak er det enkelte aktiviteter som er obligatorisk, og som då er med på å forme kvardagen. Dette er aktiviteter som reinhald, dugnad og informasjonsprogrammet til UDI (NOU 2011:10, 2011, s.265). Anna aktivitet er av frivillig karakter, og det er opp til mottaket korleis dei vil legge opp aktivitetstilbodet (NOU 2011:10, 2011, s.267). Kvardagen på mottaket blir då opp til mottaket å skape, og med få krav vil det vere opp til både tilsette og bebuarar å skape eit aktivitetstilbod.

Norskopplæring er ein anna del av kvardagen på asylmottak. I følgje IMDI kan kommunen tilby asylsøkjarar inntil 175 timer med norskopplæring, men det er ingen lovfesta plikt eller rett til dette (IMDI, 2016a). Det er først etter at ein har fått vedtak om opphold at norskopplæring blir ein lovfesta rett og plikt, og då aukar også timetalet, jf. Introduksjonslova av 04.07.2013 § 17. Skuletilbodet er av den grunn variert, og vil påverke kvardagen til asylsøkjarane i forskjellig grad. Der nokon vil ha 175 timer som kommunen kan velje å tilby, vil andre ha ein rett og plikt til å gå 600 timer. Med ein slik forskjell, blir dagane ulike frå bebuar til bebuar. Når kommunen sjølv i tillegg kan velje kor mykje og på kva måte dei ynskjer å tilby asylsøkjarane undervisning, gjer det at skule ikkje blir noko forutsigbart og trygt ein kan stole på. Det blir eit tilbod som kan kome og gå, og som kan endre seg. I fleire av rapportane eg har nytta, trekk asylsøkjarane sjølv fram at det er for lite norskopplæring. Dei melder om at timetalet er for lågt til at ein klarar å lære seg språket (Andrews et al., 2014, s.51). Likevel vart timetalet redusert frå 250 til 175 timer med norskopplæring for asylsøkjarar frå og med 01.01.2016 (IMDI, 2016a).

På grunn av variasjon i aktivitetstilbodet og skuletilbodet, melder asylsøkjarar at kvardagen i eit asylmottak er prega av passivitet (Andrews et al., 2014, s.97). Det er lite fast aktivitet som strukturerer kvardagen, noko som gjer at dagane inneheld svært lite (Andrews et al., 2014, s.97). På slike dagar endar ein gjerne opp med å sitte isolert på rommet sitt, utan å klare å kome seg i aktivitet (Andrews et al., 2014, s.97). Dagar med til dømes skule blir framstilt som meir positive og bebuarane melder at på slike dagar er det lettare å gjere andre aktiviteter også (Andrews et al., 2014, s.97). Aktivitet kan også vere med på å redusere stress, slik ein av bebuarane i studien til Andrews, Anvik og Solstad (2014, s.84) sa det: «For alle her har stress – også fordi vi ikke er i aktivitet. Å bare gå rundt og rundt på samme sted øker stresset». Dette

sitatet er uttalt i forbinding med ynskje om meir fysisk aktivitet. Det kan likevel tenkast at all form for aktivitet vil hjelpe.

Som asylsøkjar får ein utbetalt eit basisbeløp. Dette beløpet skal dekke bebuarane sine utgifter, til alt anna enn det UDI og mottaket står for (UDI, 2008). Som asylsøkjer så får ein tilbod om gratis bustad, som er asylmottak, og ein får utlevert til dømes kjøkkenpakke, sengetøy og ein enkel klespakke (UDI, 2008). Ut i frå blant anna kva type mottak ein bur på, alder og status i saka blir det rekna ut kva basisbeløp ein får (UDI, 2008). Bur ein i mottak med sjølvhushald skal basisbeløpet dekke alt frå mat til legetimer. Er ein einsleg vaksen og bur i mottak med sjølvhushald vil ein få utbetalt 2340 kroner pr. månad (UDI, 2008). Dette tilsvara mellom 70 og 80 kroner pr. dag, og skal dekke mat, reinhaldsprodukt, legeutgift og andre sentrale utgifter. Då er det lite igjen til aktivitetar og hobbyar.

Ein anna kjelde som trekk fram kvardagslivet til asylsøkjarar er eit utdrag frå tidsskrift for psykisk helsearbeid som er skriven av Thorud og Kolstad. Utdraget heite *maktesløs i ventetida – asylsøkeres hverdagsliv og mentale helse*, og baserer seg på intervju med seks asylsøkjarar og korleis dei opplev kvardagen sin (Thorud & Kolstad, 2010, s.154). Også her blir aktivitet trekt fram, men det er eit fokus på informasjon (Thorud & Kolstad, 2010, s. 161). I utdraget blir det påpeika at asylsøkjarane meiner dei får lite informasjon, og at dette var med på å auke usikkerheita og gjere ventetida til ei større påkjenning (Thorud & Kolstad, 2010, s.161). Blant anna skildrar ein av informantane opplevinga av mangel på informasjon slik «Det er vanskelig med informasjon. Mottaket må fortelle oss hva UDI sier. Vi må vite det. Jeg vet ikke hva som skjer med min sak nå. Ingen informasjon, ingenting! Jeg skjønner ikke hvor lenge jeg må vente» (Thorud & Kolstad, 2010, s.160).

Alle asylsøkjarar skal gjennomgå eit informasjonsprogram frå UDI, og det er mottaket som står for gjennomgangen (NOU 2011:10, s.258). Informasjonsprogrammet består av 11 moduler, som dekker alt frå lover og verdiar i Noreg til asylprosessen og livet på mottak (NOU 2011: 10, s.259). Dette informasjonsprogrammet er obligatorisk for alle asylsøkjarar i asylmottak, og skal vere med på å heva kompetansen og kunnskapsnivået til bebuarane (NOU 2011: 10, s.259). Informasjonsprogrammet skal rullere, slik at ein på den måten sikra at alle mottak informerer om det same på same tid (NOU 2011: 10, s.259). I ein rapport utført av Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) blir det blant anna peika på asylsøkjarane sitt ynskje om meir informasjon om asylprosessen (DIFI, 2009, s.21). UDI har avtale med Norsk organisasjon for asylsøkjarar (NOAS) og med IOM, der begge organisasjonane skal brukast

til å informere asylsøkjarane om blant anna deira rettar (NOU 2011:10, s.258). Til tross for dette viser rapporten frå DIFI at asylsøkjarane ynskja meir informasjon, både om sin sak og om prosessen generelt (DIFI, 2009, s.21).

Med bakgrunn i dette kan ein seie at kvardagen i eit asylmottak er lite strukturert, men innehold samtidig lite variasjon. For mange er skule det einaste avbrekket dei får frå mottaket, og ein sit igjen med ei kjensle av at dagane gjentakast (Brekke, 2004, s.32). I ein rapport frå 2004 skiven av Jan-Paul Brekke med namn *While we are waiting* forklarar ein av gutane det slik «The days are all the same. It's just going to school, and then... nothing. Some food, a bit of television, but we have nothing to do» (Brekke, 2004, s.32). Kvardagen blir opplevd som vanskeleg fordi dagane ikkje kan skillast frå kvarandre, og det er lite som gir meinings.

Søvn er ein faktor som påverkar kvardagen og energinivået (Andrews et al., 2014, s.45). Natta blir for mange sett på som vanskeleg og spesielt utfordrande (Andrews et al, 2014, s.45). Om natta kjem tankane fram, og ein føler meir på bekymringar og urolegheit (Andrews et al., 2014, s.76). Det er ulike variasjonar av søvnproblem. Nokon klarar ikkje å sove, andre sovnar seint eller vaknar midt på natta (Andrews et al., 2014, s.68). Når kvardagen ikkje sett krav til når ein skal vakne eller når ein skal sove, blir døgnrytmen ofte forskyvd (Andrews et al., 2014, s.68). Det er ikkje enkelt å skulle sovne, når ein ikkje har noko som krev at ein står opp dagen etter (Andrews et al, 2014, s.97). I tillegg kjem bekymringar for framtida og utfallet av asylsaka, og tankar på familie, heimlandet og det ein har opplevd tidlegare (Andrews et al., 2014, s.76). Ved lavt aktivitetsnivå på dagtid og problem med søvn på kveldstid, blir dette lett ein vond sirkel som gjer at aktivitetsnivået blir endå lågare og gjer det endå vanskelegare å sove (Andrews et al., 2014, s.76). I Brekke sin studie set ein 16 år gammal gut ord på nettopp dette når han seie

When I think about the decision, then thoughts come to my head that say that I risk being sent back to Afghanistan. Those thoughts are horrible and when I think too much about this I get a headache. Then I say – now I have to sleep ... but I cannot sleep. It's 4 AM and I want to sleep, but I can't. (Brekke, 2004, s.27)

Det er ikkje berre aktivitetsnivået som blir prega av ei endra døgnrytmme. Måltid blir flytta på, og det blir lite struktur knytt til mat (Andrews et al., 2014, s.97). Kva måltid ein et i løp av ein dag kjem an på når ein står opp (Andrews et al., 2014, s.97). Ved lite matinntak, vil

energinivået også minke. Ein klarer dermed ikkje å aktivisere seg, og den vonde sirkelen fortsetter.

3.3 Ventetid

Eg har tidlegare nemnt at det er fleire økter med ventetid ein må igjennom som asylsøkjar. Det første steget i asylprosessen der ventetida er ein faktor, er når UDI kalla inn til eit asylintervju. Asylintervjuet er då søkeren skal fortelje si historie, om kva som har skjedd og kva som er grunnen til at ein søker om asyl, jf. Utlandingsforskriften §17-2. Ventetida på dette kan variere, og er vanskeleg å spå. UDI gir med jamne mellomrom ut eigne skriv til ulike landsgrupper om forventa ventetid (UDI, 2016b). Ut i frå desse kan ein sjå at ventetida på asylintervju på det meste er 15 månader (UDI, 2016c). Samtidig er det viktig å huske på, slik UDI sjølv påpeikar, at lengda på ventetid varierer kraftig (UDI, 2016b). Når asylintervju er tidspunktet asylsøkjarane skal fortelje si historie, vil det seie at det er først etter dette saka faktisk blir vurdert og arbeid med. Asylsøkjarane veit dermed at mens dei fortsatt venter på å få kome til intervju, er saka deira i realiteten ikkje starte.

Etter at asylintervjuet er gjennomført skal ein vente på svar på saka. I denne perioden går UDI igjennom saka, og skal vurdere om vedkommande har rett til beskyttelse eller ikkje. Ventetid på saker varierer, men ved slutten på asylintervjuet skal kvar enkelt få vite kor lang tid det er forventa at ein må vente (UDI, 2016b). På det meste reknar ein med at nokon må vente i ti månader på svar på saka (UDI, 2016d). UDI seie sjølv at dette er usikkert, og at nokon må vente lenger enn dette (UDI, 2016d).

UDI går ikkje etter eit kø-system, og av den grunn vil ein oppleve at nokon må vente lenger enn andre (UDI, 2016c). Det gjer at det ikkje er noko rekkefølge på kven som skal på intervju eller får svar på saka si, noko som kan skape usikkerheit og uforutsigbarhet for søkerane. I Brekke (2004, s.11) blir usikkerheita rundt lengda av ventetida dratt fram som ein faktor som gjer ventetida vanskelegare. Det å ikkje vite kor lenge ein skal vente, gjer at usikkerheita knytt til utfalle av saka blir endå tøffare (Brekke, 2004, s.22). Ein av gutane som er intervju i rapporten skildrar ventetida slik: «The waiting is like being in the middle of an ocean and not knowing whether you will survive or not. You don't know what your destiny will be. Maybe you can't get out and drown» (Brekke, 2004, s.25). Samtidig peikar Brekke (2004, s.23) på utfordringane med å gje eit konkret tidspunkt for forventa svar, då dette er veldig usikkert.

Informantane i studiet hans opplevde det som eit svik når myndighetene ikkje opprettholdt tidspunktet dei følte dei var lova (2004, s.23).

Sjølv om det er asylintervju og svar på søknad eg har valt å fokusere på i oppgåva, vil eg sjå litt på ventetida på andre delar av prosessen. Som nemnt under asylprosessen kan ein etter å ha mottatt svar frå UDI, klage på vedtaket. Dette gjer ein først til UDI. Utfallet her er enten at UDI sjølv gjer om vedtaket sjølv eller sender det vidare til UNE (UDI, 2016h). UDI informerer om at dette blir gjort innan seks månader etter at dei har mottatt klaga (UDI, 2016b). Når UDI sender saka vidare til UNE blir det ein ny periode med venting (UNE, 2016). Ventetida hos UNE er 5 månader frå UNE mottar saka (UNE, 2016). Ved positivt svar skal ein vente på busetjing. I 2015 var gjennomsnittleg ventetid på dette på 8,4 månadar (IMDI, 2016b).

Oppsummert kan ein seie at med sak der ein får positiv svar i første instans, kan ventetida bli opp til 25 månader. Då er ikkje ventetida på kommune tatt med. Dette vil seie at nokon kan risikere å vente over 2 år på å få svar på saka si. Det er to år i mottakssystemet, utan moglegheit til å starte på ordentleg.

4.0 Teori

I dette kapittelet skal eg gå gjennom Antonovsky sin teori om sence of coherence. Denne teorien vil, saman med førre kapittel, danne grunnlaget for drøftinga.

4.1 Sence of coherence

Aaron Antonovsky utvikla omgrepet sence of coherence ved studie av kva som er helsebringande (Grøholt, Garløv, Weidle & Sommerschild, 2015, s.32). På norsk blir ofte oversettinga *oppleving av samanheng* nytta (Borge, 2010, s.17). Under studiet kom Antonovsky fram til omgrepet *salutogenese* (Grøholt et al., 2015, s.32). Omgrepet består av *salus* som kan oversettast frå latin til *sunnheit*, og *genesis* som frå gresk oversettast til *oppinnelse* (Grøholt et al., 2015, s.32). Bakgrunnen for omgrepet var studie jødar som, til tross for vanskeleg opphold i konsentrasjonsleiarar, hadde god psykisk helse og livsmot (Grøholt et al., 2015, s.32). Antonovsky ynskja å finne fram til kva som gjer at stress påverkar menneske forskjellig (Brekke, 2004, s.19). Nokon menneske opplev store belastningar, men klarar seg bra, medan andre ikkje tåler den same belastning (Håkonsen, 2013, s.261).

Antonovsky kom fram til at dersom ein klarar å skape samanheng i livet sitt, vil ein vere i stand til å finne krefter nok til å mestre utfordringar og vanskar (Håkonsen, 2013, s.262).

I følgje Antonovsky er det tre element som saman skapar ei slik oppleving, og som dermed gjer at ein tåler stressa situasjonar betre (Brekke, 2004, s.19). Det første elementet handlar om at ein må forstå situasjonen ein er i (Brekke, 2004, s.19). Det går ut på å oppleve omgjevnadane rundt seg som organisert, og ikkje tilfeldig og kaotisk (Brekke, 2004, s.19). Dette vil gjere at ein opplever utfordringar som forutsigbare, og derfor noko ein kan handtere (Brekke, 2004, s.19). Det å forstå situasjonen handlar også om å ha oversikt over situasjonen, noko ein får ved å vere godt informert (Grøholt et al., 2015, s.32).

Det andre elementet handlar om korleis ein opplev moglegheita til å påverke situasjonen (Brekke, 2004, s.19). Det er ikkje naudsynt å faktisk påverke situasjonen, men ein må ha moglegheit til det (Berg, 2012, s.31). Det handlar også om i kor stor grad ein føler ein kan handtere dei utfordringane ein opplever (Brekke, 2004, s.19). Dei ressursane ein har både i seg sjølv og i sitt nettverk blir viktig (Brekke, 2004, s.19). Har ein gode nok ressursar til å klare situasjonen, vil påkjjenninga bli mindre (Brekke, 2004, s.19). Påverknadsmoglegheita handlar like mykje om å føle ein har moglegheit til å ta kontroll over livet sitt (Håkonsen, 2013, s.262). Dette elementet fokuserer også på å vere handterbar, og om ein i situasjonar som andre finn for utfordrande klarar å sjå løysingar og moglegheita (Borge, 2010, s.17).

Det tredje og siste elementet handlar om at situasjonen må opplevast som meiningsfull (Brekke, 2004, s.19). Gir det mening å forsøke å endre situasjonen, vil den opplevast som mindre belastande (Grøholt et al., 2015, s.32). Ein anna del ved dette elementet går ut på at ein synes utfordringane er verdt å engasjere seg i (Håkonsen, 2013, s.262). Det går ut på at dei utfordringane ein møter handlar om delar av livet som gjer at det er verdt å investere energi i å møte dei (Brekke, 2004, s.19). Er utfordringane knytt til delar av livet som ikkje er verdt å kjempe for, vil utfordringane bli meir belastande (Brekke, 2004, s.19).

Desse tre elementa til saman, gjer at ein opplev samanheng i livet sitt, og dermed klarer ein å finne fram krefter og motivasjon til å møte utfordringar (Håkonsen, 2013, s.262). For å takle utfordringar så godt som mogleg, kan det å prøve å skape mest mogleg samanheng i livet vere lurt.

5.0 Drøfting

I drøftinga ynskjer eg å sjå på dei ulike faktorane i dei førre kapitla, og sette dei i ein samanheng. Mangel på informasjon, den uforutsigbare ventetida og den passive kvardagen eit asylmottak sett i samanheng med sense of coherence. Korleis påverkar desse faktorane asylsøkjarane og korleis kan ein betre dei negative sidene? Antonovsky sin teori om sense of coherence kan gje eit bilet av kva utfordringar som er i situasjonen som asylsøkjar, og kva som skal til for å betre den. Derfor dannar teorien grunnlaget for denne drøftinga.

5.1 Passivitet

Som Andrews, Anvik og Solstad (2014) nemnar melder asylsøkjarar om ein kvardag prega av passivitet og lite aktivitet. Det å ikkje ha noko å vakne opp til, noko å ta seg til i kvardagen, kan vere med på å gjere det vanskelegare å ta initiativ og prøve å finne på noko sjølv. Variert skuletilbod, mangel på arbeidsmoglegheit og lite aktivitet fører til passivitet.

Sett opp mot Antonovsky sin teori om sense of coherence gjer passivitet at situasjonen kan opplevast som lite meiningsfull. Den påkjenninga asylsøkjarar går igjennom som følgje av ventetid og lite aktivitet, gir lite mening (Berg, 2012, s.31). Prosessen kan virke unødvendig tung og belastande, og det kan vere vanskeleg å sjå ei mening med ein så lang og tung prosess. Passivitet fører til ein vond sirkel der ein et lite og sov mindre, noko som igjen fører til meir passivitet (Andrews et al., 2014, s.58). Det å leve utan aktivitet, og på mange måtar isolert, kan for mange vere vanskeleg. Vonde tankar kan kome lettare når ein ikkje har aktivitetar som fyller kvardagen (Andrews et al., 2014, s.58).

Arbeidsmoglegheit og skuletilbod er ikkje så lett for den enkelte asylsøkjar å påverke. Dette er saker som ligg i eit regelverk, og som må takast høgare i eit system. Det er heller ikkje alltid enkelt å påverke det aktivitetstilbodet mottaket har, på grunn av lav bemanning eller lite ressursar i mottaket (Andrews et al., 2014, s.58). Samtidig kan ein her stille seg sjølv til disposisjon, og delta som frivillig i å organisere aktivitetar. Det er også mogleg å delta i allereie eksisterande tilbod utanfor mottaket, og på den måten både vere i aktivitet og kome seg litt vekk frå den einsformige kvardagen. Det er likevel slik at mange aktivitetar i Noreg kostar pengar eller krev ustyr, noko som asylsøkjarar ofte har lite av. På den måten mister ein litt av moglegheita til å påverke kvardagen sin.

Det kan tenkast at ein kvardag med passivitet og isolasjon kan opplevast som organisert. Dette fordi det er lite som skjer, og det er få faktorar som kan skape kaos. Likevel er det ikkje nødvendigvis slik. Ein kvardag prega av passivitet er lite strukturert, og inneheld få faste rammer. Det kan opplevast som kaotisk når ein ikkje har kontroll over daglege gjeremål. I kvardagar med faste aktivitetar kan det vere lettare å oppretthalde faste haldepunkt, som søvn og måltid (Andrews et al., 2014, s.97).

Dette er ein del av opphaldet i mottak der tilsette kan ha stor påverknadskraft. Kva aktivitetstilbod dei klare å gje, kan hjelpe asylsøkjarane ut av ein passiv kvardag. Det å klare å skape aktivitet som gjer at kvardagen blir meir meiningsfylt, er ein måte tilsette kan bidra til å fremme opplevinga av samanheng. Samtidig er det utfordringar knytt til ressursar og bemanning, noko som gjer at ein har begrensa moglegheit i utforminga av eit aktivitetstilbod. Det å motivere asylsøkjarane til å sjølv delta i organisering av aktiviteter kan då vere ein måte å få dei i aktivitet.

5.2 Informasjon

Mottaket har eit ansvar for å gje asylsøkjarane informasjonen dei har behov for. Delar av den oppgåva blir utført gjennom informasjonsprogrammet. Samtidig viser blant anna Thorud og Kolstad (2010) si forsking at asylsøkjarar opplev at dei får for dårlig informasjon. Det er i hovudsak informasjon om saka si spesielt og asylprosessen generelt som opplevast som mangelfull (Thorud & Kolstad, 2010, s.156). Det å få lite informasjon bidrar til endå meir usikkerheit og forvirring (Thorud & Kolstad, 2010, s.156).

Informasjon gjer situasjonen meir handterbar og forståeleg. Dersom ein veit at UDI ikkje tar kontakt med mindre dei treng fleire opplysningar eller dei har kome fram til eit svar, så kan det vere lettare å godta at ein ikkje hører noko. Dersom ein veit at det er grunna stor pågang hos UDI at sakene tar lang tid, og ikkje fordi det er noko problem med di sak, så kan det minke bekymringane. Samtidig er det umogeleg for tilsette ved mottaket å gje informasjon konkret om kvar enkelt sak, og det vil skape mykje ekstra arbeid for UDI om dei stadig skal sende ut informasjon om kor kvar enkelt er i asylprosessen. Det vil skape endå lengre ventetid. Likevel vil det for nokon kanskje vere nok å få meir generell informasjon om til dømes saksgang. Sjølv om ein då ikkje får konkret tilbakemelding på eiga sak, får ein påfyll med informasjon. Det å høyre noko, gir ei oppleveling av at ein ikkje er gløymt. Det som er

vikting ved utlevering av generell informasjon er at den er reell (Brekke, 2004, s.23). Dette kan vere vanskeleg for UDI, då variasjonen på venting er stor (UDI, 2016d).

Mangel på informasjon fører til at situasjonen kan virke kaotisk. Ein forstår ikkje kvifor ein ikkje høyrer noko, og kan då ende med tankar og bekymringar som ikkje hadde vore naudsynte (Thorud & Kolstad, 2010, s.160). Det å ikkje vite når svaret skal kome, er med på å heile tida oppretthalde eit høgt stressnivå (Brekke, 2004, s.22). Det kan opplevast som at svaret kan kome når som helst, og at ein stadig må sjekke posten etter det (Brekke, 2004, s.22). Ved å ofte tru at svaret kan kome, opplev ein dagleg å bli skuffa.

Lite informasjon gjer også at ein ikkje er klar over sin moglegheit til å påverke situasjonen. Dette kan gjere at nokon går glipp av ein moglegheit til på påverke både kvar dagen sin og saka si, medan andre blir overbevist om at dei kan påverke i mykje støtte grad enn dei faktisk kan. Begge deler fører til meir stress og ein vanskelegare kvar dag. Informasjon gjer at ein opplev å ha kontroll over sitt eige liv (Thorud & Kolstad, 2010, s.156). Ved mangel på informasjon mistar ein oversikta og kontrollen, og er med på å gjere situasjonen belastande (Thorud & Kolstad, 2010, s.156). Som nemnt er asylintervjuet ein viktig informasjonskjelde for UDI når dei skal vurdere asylsøknadar. Samtidig står det i Utlendingsforskriften §17-2 4.ledd at også andre relevante opplysningar skal vere med å danne grunnlaget for vurderinga. Det er då viktig med tydeleg informasjon om kva opplysningar som trengs.

Språk er også ein viktig faktori under informasjon. Dei av asylsøkjarane som forstår engelsk, eller som fort lærer seg norsk, vil lettare kunne få tak i informasjon. Det vil for desse vere lettare å snakke med tilsette i gangen, lese seg opp på internett og forstå breva som kjem frå til dømes UDI. Ein klarar dermed med eigne ressursar å ta til seg informasjon, og opplev på den måten meir kontroll i eige liv. Dette vil også lette arbeidet både for UDI og for dei tilsette i mottaket, fordi det blir lettare for den enkelte å finne fram til informasjon sjølv.

Her har dei tilsette ved mottaket ei viktig rolle. Ved å klare å møte asylsøkjarar med god og forståeleg informasjon, kan ein betre situasjonen deira. Sjølv om informasjonen er at ein ikkje har noko informasjon, vil det å ta seg tida til å forklare kvifor gjere at asylsøkjarane føler seg møtt. Informasjon om at det ikkje er noko nytt, gjer at ein kan roe ned og vite at det ikkje er noko å gjere akkurat no. Samtidig er det viktig å få informasjon jamleg, sånn at ein ikkje føler at saka er gløymt. Som tilsett ved mottaka kan ein dermed vere med å påverke kor store konsekvensar ventetida får.

5.3 Ventetid

Som nemnt kan ein, ved søknad om beskyttelse i Noreg, oppleve ei ventetida som strekk seg over fleire år. Prosessen frå levert søknad til endeleg svar, er for mange lang og tung.

Ventetida er eit byråkratisk system, som ikkje er mogleg for den enkelte asylsøkjar å påverke. Det er UDI som vurderer søkerane, og det tar den tida det tar. Kva ressursar ein har sjølv, har ikkje så mykje å seie. Om ein har økonomiske ressursar eller eit godt nettverk, vil ikkje hjelpe på ventetida. Likevel er det lite den enkelte kan gjere for å påverke lengda på ventetida generelt.

Samtidig er moglegheita til å påverke tilstade gjennom asylintervjuet. Dette er ein svært viktig arena der ein får moglegheit til å gjere noko for saka si. Dersom ein klarer å fortelje i detalj om opplevingane sine, har med seg dokumentasjon og andre typar bevis, vil dette kunne hjelpe på å korte ned ventetida. Her kan ein oppleve påverknadsmoglegheit, og føle at ein har litt kontroll over eige liv.

Det at UDI ikkje følgjer eit kø-system, gjer situasjonen uforutsigbar og usikker. Det gjer også at situasjonen er uforståeleg, og gir asylsøkjarane lite oppleving av samanheng i livet. Det at kven som helst kan få svar, når som helst, gjer at situasjonen framstår som rotete og kaotisk. Spesielt i tilfelle der det verkar som ein anna som kom seinare, med nærmast identisk bakgrunn og historie, får svar før ein sjølv, opplevast som urettferdig og rotete (Brekke, 2004, s.24). Dette kan føre til auka bekymring for eiga sak, då ein stiller spørsmål ved om det er oppstått problem eller om saka er mangelfull. Det kan tenkast at dersom ein hadde følgt eit kø-system, ville ein lettare kunne forstå situasjonen.

Det kan opplevast som lite meiningsfylt å passivt sitte å vente når tidsperspektivet er så langt og usikkert. Det å kvar dag skulle håpe på at i dag er dagen, gjer at ein stadig møter skuffelse. I tillegg gjer lengda på ventetida at det kan gå år før ein får moglegheit til å arbeide, gå vidare på skule eller sjå familien sin igjen. Livet gir på mange måtar ikkje mening når ingenting skjer.

På den andre sida har situasjonen eit mål, nemleg søknaden om beskyttelse (Berg, 2012, s.31). Mange av asylsøkjarane har lagt på flukt etter ein vanskeleg periode i heimlandet, og fleire har også vore gjennom ei hard og lang flukt. Det å skulle vende tilbake til heimlandet kan virke fjernt og umogleg, og av den grunn vil opplevinga av ventetida her gje mening. Det å oppleve at ein har ein grunn til å vere i denne situasjonen, vil gjere stresset og passiviteten

lettare å tåle. Tryggleik og sikkerheit for seg sjølv og familien kan for mange vere ein så viktig del av livet at det følast verdt det å gjennomgå ein vanskeleg periode for å oppnå det. Det å vere komen i tryggleik og ha moglegheit til å få bli i Noreg, kan gjere at kvardagen blir lettare å tåle nettopp fordi det gir mening.

Tilsette i mottak har lite moglegheit til å gjere noko konkret med ventetida. Ein ting som kan gjerast, er å vere open for frustrasjon og irritasjon. Det å møte følelsane med forståelse og aksept er viktig. Ein må prøve å skape mening i situasjonen, og motivere til positivitet. Dette kan ein til dømes gjere ved å finne motivasjonen for flukta til den enkelte. Det er også viktig at mottakstilsette er klar over kva ved ventetida som kan påverkvast, og vere tydeleg på dette overfor asylsøkjarane.

5.4 Alle faktorane samla

Ventetida, informasjon og passivitet er alle faktorar som har noko å seie for asylsøkjarane sin tilværelse. Desse faktorane påverkar asylsøkjarane på ulik måte, samtidig som dei på nokon områder går over i kvarandre. God og ofte informasjon ville kanskje gjort det lettare å påverke både ventetida og passiviteten. Det å kome seg i aktivitet, ville kanskje ført til meir mening i situasjonen til tross for mangel på informasjon. Er ventetida forståeleg og forutsigbar ville ein kanskje fått lengre periodar med passivitet og lite informasjon.

Generelt er det å skulle söke asyl ein tung prosess. Samtidig er det, som vi har sett, faktorar som gjer situasjonen meiningsfull. Ein av dei er grunnlaget for søknaden. Har ein flykta frå eit vanskeleg og utrygt liv, er motivasjonen for å endre situasjonen sin nok stor. Då vil også opplevinga av situasjonen vere meir meiningsfull og mindre belastande.

Det å kunne påverke situasjonen sin er viktig for at livet skal opplevast som om det har samanheng. Som vi har sett kan asylsøkjarar påverke situasjonen sin på fleire måtar. Det gjeld både saka si hos UDI og kvardagen i mottak. Likevel er det liten moglegheit til å påverke dei forholda som for mange opplevast som viktigast (Andrews et al., 2014, s.9). Sjølv om ein kan påverke aktivitetstilbodet i asylmottaket er det kanskje viktigast å kunne påverke korleis familien har det eller situasjonen i heimlandet (Andrews et al., 2014, s.9). Trass dette vil det å kunne påverke ein liten del av livet sitt vere med på å skape ei kjensle av kontroll over eige liv.

For å forstå situasjonen treng det nok informasjon om situasjonen og ein forutsigbar prosess. Utan forståing og oversikt vil det å oppnå ei oppleving av samanheng bli vanskeleg.

Som tilsett ved mottak, kan det vere nyttig å prøve å gjere noko med dei faktorane som er nemnt over. For å betre kvardagen og fremme oppleving av samanheng, vil det å gje informasjon, få asylsøkjarane i aktivitet og finne mening i tilværet vere det mest sentrale.

6.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg sett på korleis ventetida på asylsøknad kan påverke asylsøkjarar. I løpet av prosjektet har eg kome fram til tre faktorar som er med på å forme korleis ventetida påverkar menneske. Desse faktorane er lengda og usikkerheita knytt til ventetida, opplevinga av ein passiv kvardag og mangel på informasjon. Desse faktorane har eg drøfta opp mot Antonovsky sin teori om sence of coherence.

Gjennom drøftinga har eg sett på korleis desse faktorane kvar for seg og samla påverka menneske, og vurdert i kva grad tilsette på mottak kan bidra for å auke oppleving av samanheng. Å söke asyl er ein tung prosess. For mange vil den opplevast som lang, usikker og einsam. Den passive kvardagen er med på å legge hindringar for asylsøkjarane i opplevinga av samanheng. Eg kom fram til at ved ein passiv kvardag er det lite mening i kvardagen. Passivitet fremmer også vonde tankar, då det gjer at ein får tid til å tenkje. Vidare i oppgåva kom eg fram til at mangel på informasjon er med på å auke usikkerheita og gje fleire bekymringar. I forhold til ventetida er det mykje av det same, bekymringar og usikkerheit blir utfallet ved ei uforutsigbar ventetid.

Alt i alt ser ein at ventetida i seg sjølv er belastande, og i kombinasjon med passive kvardagar og mangel på informasjon, blir det endå større problem. Det verkar som at prosessen er med på å skape endå meir usikkerheit og endå fleire bekymringar enn det asylsøkjarane allereie sitt med. Det å hjelpe asylsøkjarane til å finne mening i tilværelsen, kome seg ut av den passive kvardagen og tilby dei informasjon er viktige oppgåver for dei tilsette for å skape oppleving av samanheng.

Det kan diskuterast om systemet vårt er det aller beste for å ta i mot menneske som er på flukt. Kanskje hadde ein fått meir ut av dei ressurssterke personane om ventetida ikkje hadde vore så belastande?

Litteraturliste

- Andrews, T., Anvik, C. & Solstad, M. (2014). *Mens de venter – hverdagsliv i asylmottak* (NF-rapport nr. 1/2014). Henta frå
http://www.nordlandsforskning.no/getfile.php/Dokumenter/Rapporter/2014/Rapport_01_2014.pdf
- Berg. (2012). Mottakssystemet – historikk og utviklingstrenger. I M. Valenta & B. Berg (Red.), *Asylsøker i velferdsstatens venterom* (s. 17-34). Oslo: Universitetsforlaget
- Borge, A.I.H. (2010). *Resiliens. Risiko og sunn utvikling*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Brekke, B. (2004). *While we are waiting. Uncertainty and empowerment among asylum-seekers in Sweden* (Institute for Social Research 2004:10). Henta frå
https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/177553/R_2004_10.pdf?sequence=3
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (5. utg. ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- DIFI (2009). *Mens de venter... En kartlegging av informasjon til beboere i asylmottak*. (Difi rapport 2009:7). Henta frå <https://www.difi.no/sites/difino/files/difirapport-2009-07-mens-de-venter...en-kartlegging-av-informasjon-til-beboere-i-asylmottak.pdf>
- Grøholt, B., Garløv, I., Weidle, B., & Sommerschild, H. (2015). *Lærebok i barnepsykiatri*. Oslo: Universitetsforlaget
- Håkonsen, K.M. (2013). *Innføring i psykologi*. (4.utg). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (2016a). *Norsk tilskudd*. Henta 15.05.2016 frå
<http://www.imdi.no/tilskudd/norsktilskudd/>
- Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (2016b). *Årsrapport for busetting*. Henta 7.04.16 frå
<http://www.imdi.no/om-imdi/rapporter/2016/arsrapport-for-busetting/>
- Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. (2015). *Slik fordeles flyktningene mellom kommunene*. Henta 28.04.2016 frå <http://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/slik-fordeles-flyktningene/>

International Organization for Migration. (2016a). *IOM Norway*. Henta 25.04.2016 frå
<http://www.iom.no/no/om-iom>

Introduksjonsloven. (2003). Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-07-04-80>

Justis- og politidepartementet. (2011). *I velferdsstatens venterom. Mottakstilbudet for asylsøkere*. (NOU 2011:10). Oslo: Departementenes servicesenter

Menneskerettigheter. (1948). FNs verdenserklæring om menneskerettigheter. Henta frå
<http://www.fn.no/FN-informasjon/Avtaler/Menneskerettigheter/FNs-verdenserklaering-om-menneskerettigheter>

Politiet. (2016). *Søke asyl i Norge*. Henta 10.05.2016 frå
https://www.politi.no/tjenester/asylsoker/Tema_414.xhtml

Thorud, S. & Kolstad, A. (2010). Maktesløs i ventetida – asylsøkeres hverdagsliv og mentale helse. *Tidsskrift for psykisk helsearbeid* 02/2010, s.153-162

Utlendingsdirektoratet (2016a). *Hvor mange søkte beskyttelse?* Henta 08.04.16 frå
<https://www.udi.no/statistikk-og-analyse/arsrapporter/tall-og-fakta-2015/faktaskriv-2015/hvor-mange-sokte-om-be-skyttelse/>

Utlendingsdirektoratet (2016b) *Saksbehandlingstider i UDI*. Henta 08.04.16 frå
<https://www.udi.no/ord-og-begreper/saksbehandlingstider>

Utlendingsdirektoratet (2016c). *Informasjon til sudanere som har søkt om beskyttelse*. Henta 07.04.16, frå <https://www.udi.no/viktige-meldinger/informasjon-til-sudanere-som-har-sokt-om-beskyttelse>

Utlendingsdirektoratet (2016d). *Informasjon til borgere av Somalia som har søkt om beskyttelse*. Henta 08.04.16 frå <https://www.udi.no/viktige-meldinger/informasjon-til-somaliere-som-venter-pa-intervju/>

Utlendingsdirektoratet (2016e). *Asylsøker*. Henta 08.04.16 frå <https://www.udi.no/ord-og-begreper/asylsoker/>

Utlendingsdirektoratet (2016f). *Asylmottak (ulike typer)*. Henta 08.04.16 frå
<https://www.udi.no/ord-og-begreper/asylmottak-ulike-typer/>

Utlendingsdirektoratet (2016g). *Søke om beskyttelse (asyl) i Norge*. Henta 09.04.16 frå
<https://www.udi.no/skal-soke/beskyttelse/beskyttelse-i-norge/>

Utlendingsdirektoratet (2016h). *Har fått svar. Har fått avslag på søknad om beskyttelse*.
Henta 08.04.16 frå <https://www.udi.no/har-fatt-svar/beskyttelse-asyl/har-fatt-avslag-pa-soknad-om-beskyttelse-eller-dublin-vedtak/>

Utlendingsdirektoratet. (2008). *RS 2008-035VI Rutiner og satser for økonomiske ytelser til
beboere i statlig mottak, regulerte satser 2016*. Henta 28.04.16 frå
<https://www.udiregelverk.no/no/rettskilder/udi-rundskriv/rs-2008-035/rs-2008-035v1/>

Utlendingsforskriften (2009). Forskrift om utlendingers adgang til riket og deres opphold her.
Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2009-10-15-1286>

Utlendingsloven (2008). Lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her. Henta frå
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-05-15-35>

Utlendingsnemnda (2016). *Saksbehandlingstider*. Henta 28.04.16 frå
<http://www.une.no/no/Saksgang/Saksbehandlingstider/>



HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE
AVDELING FOR SAMFUNNSFAG

SKJEMA TIL BRUK VED INNLEVERING AV SJØLVVALT PENSUM

Retningslinjer for sjølvvalt pensum:

Sjølvvalt pensum skal vere 400 sider.

Alt sjølvvalt pensum skal godkjennast av høgskulen.

Forfattar	År	Tittel	Forlag	Side fra- til	Sider totalt
Andrews, T., Anvik, C. & Solstad, M	2014	<i>Mens de venter – hverdagsliv i asylmottak</i>	NF-Rapport	1-113	113
Jan-Paul Brekke	2004	<i>While we are waiting Uncertainty and empowerment among asylum-seekers in Sweden</i>	Institute for Social Research 2004:10	7-60	53
Thorud, S. & Kolstad, A.	2010	Maktesløs i ventetida – asylsøkeres hverdagsliv og mentale helse	<i>Tidsskrift for psykisk helsearbeid</i> 02/2010	153- 162	9
Justis- og politidepartementet	2011	<i>I velferdsstatens venterom. Mottakstilbudet for asylsøkere</i>	Departementenes servicesenter.	11-24, 47-52, 87-277	208
Direktoratet for forvaltning og IKT	2009	<i>Mens de venter... en kartlegging av informasjon til beboere i asylmottak</i>	Difi rapport 2009:07	15-38	23

Totalt sider 406

Studium: Sosialt arbeid

Namn: Katrine Apelseth

Godkjent:

Katrine Apelseth
student

Helle Hansen
rettleiar